



## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
002/23	Valstyret	23.03.2023

### Delegering av valstyret si mynde til kommunedirektør

#### Bakgrunn for saka:

Det er valstyret som er ansvarleg for gjennomføringa av val i kommunen. Sjølv om valstyret er ansvarleg, kan valstyret delegerer mynde til kommunedirektøren.

#### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Kommunelova § 13-1 sjettede ledd

Vallova

Valforskrift

#### Saksopplysningar:

I utgangspunktet skal alt som gjeld valgjenomføringa handsamast og vedtakast av valstyret, om ikkje kommunedirektøren har fått delegert mynde. Valstyret kan delegerer til kommunedirektøren både vedtaksmynde og mynde til å utføre praktiske arbeidsoppgåver.

Ved delegering av mynde må vi skilje mellom prinsipielle og ikkje-prinsipielle saker. Prinsipielle saker krev alltid vedtak i valstyret og kan ikkje delegerast til andre.

Eksempel på saker som er prinsipielle som ikkje kan delegerast og krev alltid vedtak i valstyret:

- vedta røystestader, røystekrinsar og opningstider
- godkjenne listeforslag
- oppnemne røystestyre
- avgjere om det ved enkelte førehandsrøystestadar skal nyttas røystesetelkonvolutt
- handsome forkasting av røystegjevingar og røystesetlar
- godkjenne valoppgjeret (signering av møteboka)

- handsame klager ved valet

Valstyret i kommunen kan også bestemme at dei ønsker å fatte vedtak i saker som oppfattast som ikkje-prinsipielle.

Valstyret er ansvarleg for gjennomføringa av val i kommunen, og er derfor også ansvarleg for å avgjere innhaldet i og omfanget av den delegerte mynda.

### **Vurdering:**

Alt som ikkje er av prinsipiell karakter kan delegerast til kommunedirektøren, som igjen kan vidaredelegere dette i administrasjonen.

Vi kan skilje på delegering av vedtaksmynde og mynde til å utføre arbeidsoppgåver som fell på valstyret.

Eksempel på vedtaksmynde som kan delegerast til kommunedirektøren:

- innvilge fritak frå å stå på valliste
- oppnemne røystemottakarar (unntatt røystestyre)
- godkjenne søknadar om innføring i manntalet frå personar med over 10 års bustads tid i utlandet

Eksempel på arbeidsoppgåver som kan delegerast og ikkje må gjerast av valstyret:

- halde kontakt med dei som stiller med listeforslag
- praktisk sakshandsaming av listeforslag
- underrette veljarar med over 10 års bustads tid i utlandet som søker om innføring i manntalet om vedtak
- rekruttere valmedarbeidarar og røystemottakarar
- sette opp arbeidstider
- rigge vallokale
- skrive ut utleggingsmanntal og legge dette til offentleg ettersyn
- avtale med parti som ønskjer kopi av manntal
- lage rutinar for oppbevaring av valmateriell
- distribuere valmateriell til vallokale
- registrere røystegjevingar i EVA
- prøving og godkjenning av kurante førehandsrøyster
- legge inn oppteljingar i EVA
- føre protokoll av valgjenomføringa (møtebok)
- underrette valte representantar

Personar med delegert mynde har eit administrativt ansvar for valgjenomføringa. Dei er også Valgdirektoratet sine kontaktpersonar, og utpeikast av kommunedirektøren. Kommunedirektøren har satt leiar for Service og kommunikasjon Anna Bringsvor Egedahl og kontorsjef Randi Rørvik Lillestøl som kommunen sine valansvarlege.

Ei delegering til administrasjonen gjerast av praktiske omsyn. For at arbeidet skal kunne drivast framover i den takten som er naudsynt er det viktig at administrasjonen blir gitt avgjersle mynde der det er naturleg og ikkje er i strid med lovverket. Valansvarlege vil ha dialog med leiar i valstyret ved

behov for avklaringar.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Valstyret delegerer vedtaksmynde til kommunedirektøren i saker som ikkje har prinsipiell betydning, samt praktiske arbeidsoppgåver knytt til valgjennomføringa som ikkje treng vedtak i valstyret.

**Valstyret 23.03.2023:**

**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

**VS- 002/23 Vedtak:**

Valstyret delegerer vedtaksmynde til kommunedirektøren i saker som ikkje har prinsipiell betydning, samt praktiske arbeidsoppgåver knytt til valgjennomføringa som ikkje treng vedtak i valstyret.